


Stabilt lesartal på uskedalen.no i 2019.

10.10.2020



Nettsida uskedalen.no har høg produksjon på innlegg og har eit stabilt høgt lesartal kvar dag.

På årsmøte i Uskedal Utvikling onsdag i denne veka vart det lagt fram årsresultat (2019) for Uskedalen.no. Lesartalet pr. døger ligg stabilt på kring 1000. Det vart produsert nær på 1000 innlegg med bilete og vel 500 notisar i 2019. Statistikken syner svært gode tal og drifta er stabil i ei tid då mange også nyttar seg av Facebook, Twitter, Instagram og lokalavisene sine nettsider. Mykje tyder på same gode resultat for 2020.

Innlegg med mest lesartal i 2019 var:

- Bilulukke i Uskedalen
- Minneord Asbjørn Eik, også kalla Brulsen
- Viking og Bjørgulven

Det er lagt ut 45 lesarbilete frå totalt 9 bidragsytarar.

Talet sponsorar med fast annonseplass i høgre kolonne held seg stabilt på 24. Kvar sponsor betaler kr. 3.300,- pr. år. Frå logoen er det lagt link til heimeside eller Facebookside.

Det er i 2020 løyvd midlar til fornying og utvikling av nettsida. Førbebuingsarbeidet er starta. Målet er ny side frå tidleg 2021.

Redaksjonen mottok for det meste positive tilbakemeldingar på det som vart lagt ut. Målet med Uskedalen.no er å få fram lokalt breiddestoff, om alt som skjer i Uskedalen, stort og smått. Ein prøver å halda seg unna lesarbrev og stoff knytta opp til personalia. Unnataka er dersom denne type stoff har stor allmenn interesse.

Redaksjonen takkar kontaktpersonane og elles alle som sender tips og bilete. Thor Inge Døssland er vikar, hjelper med skrivning og faglege råd. Hans Ordin Østebø tek det tekniske i samråd med iDrift.

Uskedalen.no har lesarar frå alle verdsdelar. Innan utgangen av 2019 var det frå oppstarten 30. juni 2006 produsert 18459 saker. Før noverande side vart fasa ut vil truleg talet vera kring 20 000 saker. Alt dette er søkbart og har stor historisk verdi.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal